

Pelsdyr på Stavtjørn



10

Han er ung, sprek, og kanskje modigare enn andre bønder. Geir Helland frå distriktsgrenda Stavtjørn har kasta seg med iver og glød ut i ein omstridd husdyrproduksjon som er styrt av internasjonale kapitalkrefter og verdsmarknadsprisar.

Bv
Sjur Håland

- Norges flottaste pelsdyrfarm, seier folka på Rogaland Pelsdyrførlag om den nystarta drifta på garden Grøtteland på Stavtjørn i Bjerkreim. Bondewennen har vore på besøk, og ser ingen grunn til å opponere mot den påstanden. Geir tar vel i mot meg, og syner meir enn gjerne rundt. Snøen ligg metertjukk utan at det er noko hindring. Ein tur bak på ein hissig snøscooter fører oss i snøfresande fart oppover fjellsida. På ein blunk har den turtalsvillige japanaren ført oss langt over garden, og me får ein

Snøscooter er eit must for ein bonde på snørike Stavtjørn. Taket på pelsdyrhallen er dimensjonert for å tåle det mest ekstreme.

Både snø og kastevindar set krav til bygningane.

eksklusiv panoramautsikt over det flotte anlegget.

Landbruk og turisme

Den nye pelsdyrfarmen ligg 500 meter frå heimegarden der far, Nils, framleis driv tradisjonelt med kyr, oksar og sau-



Gardsfakta

Geir Helland (26) har nett teke i bruk nybygd pelsdyrfarm på garden Grøtteland på Stavtjørn i Bjerkreim kommune. Tomta til nybygget leiger han av faren Nils, som driv mjølkeproduksjon, storfe- og kjøttproduksjon og sau. Den nye hallen som er 100 meter lang og 25 meter brei, har plass til 1850 avlstisper, første året startar han med 1600 avlstisper. Geir bur på Vikeså og har arbeid på Stavtjørn Alpinsenter utanom gardsdrifta.

er. Geir er engasjert i alpinksenteret på Stavtjørn, medan faren legg til rette for dei mange turgåarane ved å køyre opp skispor innover heia med eigen trakkemaskin. Mykje av tida utanom fjøstellet går med til å frese opp skispor, måke snø, produsere snø til skitrekket og elles leggje til rette for både dags-turistar og hyttefolket som held til her oppe, fortel Geir. – Det blir lite helgefritt vinterstid, slår han fast.

Indre strok og avsidet, er ord som for oss meir urbane kan brukast om Stavtjørn. Geir ser ikkje slik på heimstaden sin. Sjølv om han etter planen kjem til å ta over garden om ein ti års tid, har han kjøpt leilighet og valt å busette seg i Vikeså. – Det er ikkje meir enn 20 minutt å køyre, seier han lett. Og om snøen kokar og vegen fyk til, hjelper det med firehjulstrekk på bilen og eit brøytemannskap som er til å stole på.

Mogningsprosess

Prosessens fram mot fiks ferdig pelsdyrfarm mognast over tid. – Eg var anleggsarbeidar hjå Kruse Smith i 8 år. Ein periode eg er takksam for. Gjennom tunnelldriving og anna anleggsarbeid har eg lært mykje. Både praktiske ting som kjem til nytte i rolla som bonde, men også det å omgås folk, reflekterer han. For ein del år sidan deltok han på eit infomøte på Øksnevad om pelsdyr. – Då vart nok ideen tent, men eg valde å halde fram som anleggsarbeidar. Før byggestart var han på besøk hjå pelsdyrfarmaren Per Olav Lauvås. Etter å ha sett hans og fleire andre sine anlegg både i Norge og Danmark, vaks både



Pelsdyrproduksjon krev topp dyrevelferd og avlsdyr av beste kvalitet.

interessa og ideen om korleis han sjølv skulle realisere sin eigen farm.

Store dimensjonar

I november 2010 begynte han med grave- og det omfattande grunnarbeidet. Då frosten slapp taket i mai året etter, tok arbeidet til for fullt. Gjødselekjellaren vart støypt før sommarferien, sperra vart reiste i slutten av september. Golvet inne i hallen vart støypt i oktober. Sjølv om snøen gjer sitt beste for å skjule omfanget av bygningen, er dimensjonane imponerande. Bygningen er 100 meter lang og 25 meter brei. Den trekledde uisolerte bygningen har

stålsperre og eternittplater på taket. Taket er dimensjonert for å tole store snømengder. Bygget har naturleg ventilasjon som består av store nettdukopningar i sidene saman med ein kip i taket. I begge endane syter store felt med lysplater for god utnytting av naturen si eiga lyskjelde. Inni hallen står ti burrekker, kvar rekke er 89 meter lang og har plass til 287 minkar. Til anlegget høyrer også isolert förlager og kontor.

Pelsdyrhallen til Geir Helland er 100 meter lang og 25 meter brei. Dei 10 rekkene har kvar plass til 287 dyr.



Husdyrgjødsel – utfordring og

Mange bønder i Rogaland har problem med nok spreieareal til husdyrgjødsel. Samstundes trugar styresmaktene med å skjerpa krava, noko som vil gjera det endå vanskelegare å bli kvitt gjødsel. Kva gjer ein då? Ser på nye måtar å utnytta denne ressursen på.

Bv

Odd Magne Nordmark

For å prøva å finna løysingar her, tromma Samarbeidsrådet, Biogass Rogaland og Fylkesmannen i Rogaland saman til dialogkonferanse, for å sjå på miljøutfordringane og leita etter moglege løysingar.

Spreiearealet er ei utfordring alt med dagens regelverk. Harald Agerup i Norges Bondelag presenterte eit oversyn som synte at kommunane Klepp, Finnøy og Hå manglar spreieareal med dagens reglar. Skulle ein få svenske krav, som er 6,4 daa per gjødseldyreeining, ville om lag halvparten av kommunane i Rogaland mangla spreieareal, og utan godkjenning av beite som spreieareal ville det bli endå verre.

Vidare viste han til at departementet vil vurdere behovet for endra juri-

diske og økonomiske verkemiddel for å redusere miljøbelastninga i område med stor dyretettleik.

– Det er ikkje sikkert at alle vurderer det som økonomisk berekraftig å frakta fôr til Jæren, og kjøt og gjødsel tilbake til Austlandet, sa han.

Likevel: Den nye landbruksmeldinga seier at den geografiske fordelinga av produksjonen skal oppretthaldast, og matproduksjonen skal aukast. Dette er gode signal.

Vurdera grunnlaget for GDE

Ingen veit ennå kva som vil komma av innskjerping. Landbruks- og matdepartementet var representert på møtet ved Frode Lyssandtræ. Han varsla at ein m.a. vurderer grunnlaget for måleeeininga GDE (gjødseldyreeining). Grunnlaget nå er frå 80-talet. For kua ligg ein årsavdrått på 6.000 liter til grunn. Dei vil òg vurdere om grunnlaget skal vurderast geografisk ut frå avling. Ein haustar gras et tre-fire gonger i Rogaland, mot éin i Finnmark. På den andre sida er miljøutfordringane mykje større i Rogaland enn i Finnmark. Så langt har departementet ikkje drege nokon konklusjon.

Fosforreduksjon

Fosforet er hovudproblemet. Greier ein å redusere fosforet i gjødsel, gjen-

nom mindre fosfor i fôret kan ein tilføra større mengder per dekar. Torger Gjefsen frå Bioforsk synte til forsøk frå Nederland, der dei konkluderte med at ein reduksjon i fosformengda på 20 % kunne gjennomførast utan at det gjekk utover produksjon eller dyrehelse. Men det kunne auka prisen på fôret med inntil 4 %.

Ein utvinn fosfor frå gruver, og dette er ein sterkt begrensa ressurs i verda, som ein ikkje bør sløsa med. Nok for 20 år, eller kanskje 200, sa Gjefsen. Det er eit dilemma at ein så knapp ressurs samstundes utgjør eit avfallsproblem.

Biogass og biorest

Lyssandtræ frå LMD peika på at forholda ligg godt til rette i Rogaland for produksjon av biogass, og departementet har som mål at heile 60 % av gjødsel i Rogaland skal behandlast. Utfordringa er bioresten. Det kjem ny forskrift om handtering av biorest, der det blir stilt krav om varedeklarasjon frå seljar. Bruk av biorest skal inngå i gjødselplan, og rett spreiemåte er viktig.

Kristian Spanne frå Innovasjon Ryfylke synte til at andre land satsar sterkt på biogass, mens Noreg ligg i «stabilt sideleie». Tyskland ligg på topp med 6800 biogassanlegg, der dei

VRI Rogaland

Møtet vart halde på vegne av VRI-Rogaland. VRI står for Verkemiddel for Regional Innovasjon, og har som overordna mål å fremja innovasjon, kunnskapsutvikling og verdiskaping gjennom regional samhandling og forsterka innsats gjennom forskning og utvikling. Vri har både utviklings- og forskingsprosjekt. Utviklingsprosjektet engasjerer seg på område som er prioritert i fylkesplanen og der Rogaland har sterke næringar, og/eller eit betydeleg utviklingspotensiale. Som kjent er landbruket ei sterk næring i Rogaland.



Harald Agerup i Norges Bondelag synte til manglande spreieareal i Rogaland.



Frode Lyssandtræ i Landbruksdepartementet såg miljøutfordringar i Rogaland, men departementet har så langt ikkje konkludert med konkrete innskjerpingar på spreieareal.



Fra mjølk til pil

22

Siril Ravndal Grude hadde ikke planlagt å ha arbeidsdagen sin hjemme på garden. Det hadde derimot ektemannen, Geir Egil Grude. Så ble det omvendt.

Bv

Anne Kari Grimstad
Foto: Ingeborg Skrudland

– Geir Egil trivdes godt med mjølkeproduksjon, forteller Siril. – Men han kom til et punkt da han måtte velge, enten satse mer på mjølk eller satse mer på jobb utenom. Det ble for travelt med begge delene. For min egen del var pilfletting bare hobby og hygge. Jeg tenkte ikke på at dette var noe jeg kunne bruke bygninger og jord her på garden til.

Siril gikk flere pilflettingskurs, og syntes at dette var veldig kjekt. Jord

hadde de nok av på garden, og i 2009 planta de 2,5 mål med pil. Da hadde Siril tenkt å selge pilgreiner, men tanken om å drive kurs i pilfletting var ikke født enda.

Fjøset sto tomt, og hun vurdererte å gjøre plass for pilfletting der. Men rommet var ikke helt godt egna, så der ble det utleie til travhester. I stedet fikk Siril overta en nokså nybygd garasje, med loft, midt i tunet.

Fakta

Døsen pilgard ligger på Gruda i Klepp. Her bor Siril Ravndal Grude, 35 år, og Geir Egil Grude, 38 år. Barna deres er Ester og Elias, 9 og 5 år gamle. Dette er Geir Egils slektsgard gjennom flere generasjoner. Det er 135 mål dyrka jord her, 40 mål skog, og 5 mål udyrka beite.

